



Utval: Ungdommens fylkesutval
Møtestad: Fylkesutvalssalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato: 17.02.2015
Tidspunkt: 16:00 – 20:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Agnes H. Bernes	Leiar	
Gard Johanson	Nestleiar	
Cecilie Engen Fredheim	Medlem	
Vegard Kleppe	Medlem	
Lars Helle Fauske	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Hedda Emilie Hidle	Medlem	
Benedicte Hellestveit	Medlem	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Olve Akselsen		
Stine Hegdal		

Merknader

Dei nye medlemmane i Ungdommens fylkesutval for 2015 møtte også. Det var:

Henrik Tvedt, medlem
Oda Mo Eikefet, medlem
Miriam Louise Seim, medlem
Katrine Riber Garen, varamedlem
Kristoffer Spissøy, varamedlem
Erik Namtvedt Pedersen, varamedlem
Anniken Strønen Riise, varamedlem

**Ungdommens fylkesutval for 2014 leia møtet på PS 23/15, PS24/14, PS 25/15 og PS 27/15.
Ungdommens fylkesutval for 2015 tok så over møtet gjennom referatsakane, PS 26/15 og PS 28/15.**

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ingeborg Borgen Takle	Rådgevar, organisasjonsavdelinga

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 23/15	Godkjenning av innkalling		
PS 24/15	Godkjenning av sakliste		
PS 25/15	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 26/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 13/15	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr januar	2014/1527	
RS 14/15	Invitasjon til Fylkesting for ungdom 2015.	2014/560	
RS 15/15	Offentleg høyring - Regional plan for areal- og transport på Haugalandet	2014/560	
RS 16/15	Melding om vedtak gjort i Hardanger Ungdomsråd 15.01.2015	2015/705	
PS 27/15	Konstituering av nytt Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 28/15	Ymse		

PS 23/15 Godkjenning av innkalling

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.02.2015

Vedtak

Ungdommens fylkesutval godkjenner innkallinga.

PS 24/15 Godkjenning av saksliste

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.02.2015

Vedtak

Ungdommens fylkesutval godkjenner sakslista.

PS 25/15 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.02.2015

Vedtak

Ungdommens fylkesutval godkjente møteboka frå 23.-25.02.2015.

PS 26/15 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.02.2015

Vedtak

RS 13/15 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 – pr januar: Ungdommens fylkesutval vedtek å be om ein orientering frå fagavdelingane om desse sakane:

Økonomiavdelinga

- Nye Voss gymnas - forprosjekt

Opplæringsavdelinga

- Skulebygg som pedagogisk arkitektur
- Oppfølging Skulebruksplanen
- Lærlingplan og lærlingprognose

Samferdselsavdelinga

- Kollektivmeldinga
- Bymiljøavtalar
- Nye takstsoner

Kultur- og idrettsavdelinga

- Kunst og kulturprogram i skulen
- Tilskot til tiltak for barn og unge våren 2015
- Tilskot til kulturverntiltak
- Tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge
- Handlingsprogram til Regional kulturplan
- Tilskot til lokale friluftstiltak
- Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar

- Og andre tilskotsordningar som er aktuelle for målgruppa til Ungdommens fylkesutval

Administrasjonen skal sjå om det er mest hensiktsmessig å få orienteringane på Dialogdagen, oppdelt i dei ulike områda, eller om det bør vere ein orientering for heile utvalet på eit seinare tidspunkt. Nestleiar Gard Johanson møter på samferdselsutvalet 18. mars i samband med Kollektivmeldinga som da skal opp som sak.

RS 14/15 Invitasjon til Fylkesting for ungdom 2015: Ungdommens fylkesutval vedtek å sende to personar. Administrasjonen skal sjekke om det er mogleg å melde frå om namn etter helgemøtet 13.-15. mars.

RS 15/15 Offentleg høyring – Regional plan for areal og transport på Haugalandet: Ungdommens fylkesutval vedtek å sende ein førespurnad til Etne og Sveio om innspel. Ein uttale til planen vert utarbeida på helgemøtet 13.-15. mars, med utgangspunkt i særskilde kapitel som er aktuelle for målgruppa til utvalet.

RS 16/15 Melding om vedtak gjort i Hardanger Ungdomsråd 15.01.2015: Ungdommens fylkesutval vedtek å skrive ein uttale for å støtte meldinga frå Hardanger Ungdomsråd, samt å legge til dei aktuelle måla i Ungdommens planprogram. Anniken Strønen Riise, med hjelp av Vegard Kleppe, skriv eit utkast til ein uttale.

RS 13/15 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr januar

RS 14/15 Invitasjon til Fylkesting for ungdom 2015.

RS 15/15 Offentleg høyring - Regional plan for areal- og transport på Haugalandet

RS 16/15 Melding om vedtak gjort i Hardanger Ungdomsråd 15.01.2015

PS 27/15 Konstituering av nytt Ungdommens fylkesutval

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.02.2015

Vedtak

Ungdommens fylkesutval for 2015 vart konstituert slik:

Namn	Kommune	Verv	Periode
Agnes Hoshovde Bernes	Radøy	Leiar	1 år
Gard Johanson	Bergen	Nestleiar	1 år
Hedda Emilie Hidle	Bømlo	Medlem	Ikkje på val
Oda Mo Eikefet	Modalen	Medlem	2 år
Henrik Tvedt	Fjell	Medlem	2 år
Miriam Seim	Lindås	Medlem	1 år
Vegard Tobias Kvalheim Kleppe	Sund	Medlem	Ikkje på val
Anniken Strønen Riise	Bergen	1. vara	1 år
Katrine Riber Garen	Eidfjord	2. vara	1 år
Erik Namtvedt Pedersen	Austevoll	3. vara	1 år
Sunniva Grov Framnes	Stord	4. vara	1 år
Kristoffer Spissøy	Stord	5. vara	1 år

Ungdommens fylkesutval vedtek:

1. Å ta utgangspunkt i arbeidsstrukturen for Ungdommens fylkesutval.
2. Å bestemme leiarar og medlemmar for dei ulike områdene som utvalet jobbar med.
 - a. Dette er ønskja frå medlemmane:
 - i. Anniken: Opplæring og helse (Eigen organisasjon)
 - ii. Kristoffer: Opplæring og helse (Samferdsel)
 - iii. Vegard: Opplæring og helse
 - iv. Miriam: Eigen organisasjon
 - v. Henrik: Opplæring og helse
 - vi. Katrine: Samferdsel
 - vii. Oda: Kultur og ressurs
 - viii. Erik: Samferdsel
 - ix. Sunniva: Opplæring og helse
 - x. Hedda: Kultur og ressurs?

PS 28/15 Ymse

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.02.2015

Vedtak

Orientering for Kvam og Samnanger ungdomsråd 20. mars: Ungdommens fylkesutval vedtek at Agnes Bernes finn ein dato som passar for ho og fyllar bilen med dei som har moglegheit den dagen. Agnes vil orientere om UFU og dei andre vil observere.

Orientering for fylkesutvalet og fylkestinget: Ungdommens fylkesutval vedtek å be administrasjonen om å sjekke med politikarane når det vil vere best å besøke fylkesutval og fylkesting med tanke på valet og nye politikarar.

Dialogdagen: Ungdommens fylkesutval vedtek å flytte den til 24. mars grunna stort fråfall på datoen som vart først føreslått.

Helgemøte: Ungdommens fylkesutval vedtek å flytte det til 13.-15. mars grunna stort fråfall på datoen som vart først føreslått. Administrasjonen vert bedt om å sjekke hyttane på Radøy og Agnes Bernes får fullmakt til å halde dialog med administrasjonen angående helgemøtet. Desisjonskomiteen vart bedt om å delta ein av dagane.

Møteplan: Ungdommens fylkesutval vedtek å ha møta på tysdagar og fredagar. Dei møta som var satt opp på onsdagar vert derfor flytta til tysdagen same veke.